

## SÆRUTSKRIFT AV

### MØTEBOK

for Meland formannskap

sak nr. 172 i møte den 31. oktober 1990.

Av 7 medlemmer var 5 til stades.

Framlegg om å omgjere stiftelsen Meland Arbeidssenter til aksjeselskap. A.nr. 304.

Vedlegg nr. 144/90.

Rådmannen 18.10.90:

- Sakstilfang:
1. Skriv d. 26.09.90 til Meland Arbeidssenter frå rådmann Helge Thorsen. Vedlegg nr. 144/90.
  2. Skriv d. 17.09.90 frå Meland Arbeidssenter. Vedlegg nr. 144/90.
  3. Framlegg til vedtekter for Meland Arbeidssenter. Vedlegg nr. 144/90.

Kommentar: Styret i Meland Arbeidssenter har i møte 26.09.90 samrøystes gjort vedtak om å omdanne senteret frå stiftelse til aksjeselskap. Det ligg ikkje føre nærare grunngjeving for å etablere senteret som aksjeselskap.

Då Meland kommune skulle etablere eit arbeidstilbod for personar med ulike funksjonshemmingar, vart det teke prinsipiell stode til om ein skulle velje bedriftsmodell eller etatsmodell. Det vart frå politisk hald understreka at arbeidssenteret skulle verte ein sjølvstendig eining, og valte difor bedriftsmodellen og stiftelse som organisasjonsform. Det vart i søknad til Arbeidsdirektoratet d. 10.02.88 gjeve uttrykk for at ein ikkje hadde nokon merknad til å etablere arbeidssenteret som aksjeselskap, dersom dette vart kravd.

Rådmannen har med tilvising til ovannemnde difor ingen merknad til at Meland Arbeidssenter vert omskipa til aksjeselskap.

Etablering av eit aksjeselskap må fylgje dei formelle krav som aksjelova sett. Styret i Meland Arbeidssenter har utarbeidd vedtekter for det nye selskapet som tilfredsstillar desse krava. Imidlertid har styret ikkje gjort greie for korleis aksjekapitalen skal framskaffast, og fylgjeleg kven som skal ha eigarinteressene i selskapet. Rådmannen vurderer det som naturleg at kommunen får aksjemajoriteten i selskapet, og at dette også avspeglar seg i styrerepresentasjonen. Då omskipinga av Meland Arbeidssenter vil føre til løyvingar for kommunen i form av kjøp av aksjebrev, må det snarast verte avklart kor mange lag, organisasjonar og bedrifter som vil kjøpe aksjar. Når dette er avklart, kan kommunestyret realitetshandsame saka, der det forutan kjøp av aksjar også bør veljast kommunen sine representantar til styret.

Av budsjettmessige årsaker finn rådmannen ikkje grunn til å tilrå, at det vert gjort endringar i dei organisasjonsmessige tilhøva for Meland Arbeidssenter før i løpet av 1991.

Framlegg til vedtak:

-----  
 "Formannskapet har ingen prisipielle merknader til at Meland Arbeidssenter vert omskipa frå stiftelse til aksjeselskap.

Styret for stiftelsen vert beden om å få nærare avklart kva lag, organisasjonar og bedrifter som vil engasjere seg på eigarsiden i Meland Arbeidssenter. Eventuell omskiping av arbeidssenteret vert å føreta i løpet av 1991."

Ordførar Harry Wiig Andersen og Erik Henanger tok ikkje del i handsaminga p.g.a. ugildskap.

Varaordførar Johan A. Andersen leda møtet.

Framlegg til vedtak frå Solbjørg Amdal Sandvik:


"Saka vert utsett.  
 Saka vert å handsame i samband med budsjettføreavinga."

Samrøystes vedtak:

-----  
 "Saka vert utsett.  
 Saka vert å handsame i samband med budsjettføreavinga."

Rett utskrift.

Frekhaug, den 07.11.1990.

  
 Berit Ohnstad

Sendt: Formannskapet.

avd.leiar



MELAND KOMMUNE  
5110 FREKHAUG  
Tlf. (05) 37 80 52  
Telefax (05) 37 78 20

Vedlegg nr. 144/90.

**Meland Arbeidssenter,  
5110 FREKHAUG.**

Dykkar ref.

Vår ref.

HT/geb

Dato 26.09.1990.

Arkiv nr.

304

**VEDK. FRAMLEGG TIL OMGJERING AV MELAND ARBEIDSSENTER TIL  
AKSJESELSKAP.**

Viser til Dykkar skriv d. 17.09.90.

Spørsmål om omgjerung av Meland Arbeidssenter frå stiftelse til aksjeselskap vurderer rådmannen for å vere så omfattande at det krevjast nærare utgreiingar og politisk godkjenning av kommune- styret.

Meland kommune kan difor tidlegast handsame saka på kommune- styremøte 17.10.90.

Dette til orientering.

RÅDMANNEN I MELAND

  
Helge Thorsen

F. nr. 4000029 \*

Thorsen

Vedlegg nr. 144/90.

MELAND  
5110 Frekhaug ARBEIDSSENTER  
Telefon: (05) 37 75 30

**MOTTEKE**

18 SEPT. 1990

Arkivnr. 304

Meland formannskapskontor

Frekhaug 17.09.90

Meland kommune

5110 Frekhaug

Utdrag fra styremøte i Meland Arbeidssenter 26.09.90:

"Sak nr. 17-90: FORSLAG TIL VEDTEKTER FOR MELAND ARBEIDSSENTER A/S

Styret gikk enstemmig inn for å opprette Meland Arbeidssenter som et aksjeselskap fra å være en stiftelse. Følgende vedtekter vært godkjent (se vedlegg). Disse sendes ut til lag, organisasjoner og kommunen for gjennomsyn. Tidsfrist for tilbakemelding til Meland Arbeidssenter er mandag 01.10.90. Etablering av selskapet ønskes snarest, med første møte i midten av oktober.

  
Helge Vidar Larsen  
dagl. l.

Vedlegg: Vedtekter for Meland Arbeidssenter.